Det er generelt høg kompetanse i avdelinga - også på vikarsida - noko som sikrar kontinuitet og kvalitet også ved fråvær og feriar. Tilsette får brukt kompetansen sin på arbeidsplassen, noko som tyder på at vi har dei rette medarbeidarane på rett plass.

Det verkar som medarbeidarane har klare roller i arbeidet.

Medarbeidarane er noko mindre nøgde med den relevante kompetanseutviklinga på arbeidsplassen. Dette vil variere noko frå teneste til teneste

Vilje til fleksibilitet i arbeidsoppgåvene er stor i avdelinga, men det er noko delte meiningar om det er klima for meistring.

Medarbeidarane er motivert ved at dei kjenner nytte ved dei arbeidsoppgåvene dei utfører. Dette er ikkje så rart i og med at tenestene rettar seg direkte mot pasientar og brukarar med sjukdomar og funksjonshemmingar.

Barneverntenesta

	Karakter			Plass
	2015	2016	2017	2017
ÅRSVERK: Stillinger med fagutdanning, per 1.000 mindreårige (20 %)	2,6	2,1	2,0	276
SAKSBEHANDLINGSTID: Andel undersøkelser m behandlingstid under 3 mnd (20 %)	2,9	5,0	5,1	176
SAKSBEHANDLINGSTID: Andel undersøkelser med behandlingstid under 3 mnd, snitt siste fire år (15 %)	1,7	2,4	2,8	325
PLAN: Andel barn med utarbeidet plan (5 %)				
PLAN: Andel barn med utarbeidet plan, snitt siste fire år (5 %)				
PLAN: Andel barn under omsorg som har omsorgsplan (5 %)				
PLAN: Andel barn under omsorg som har omsorgsplan, siste fire år (5 %)				
TILTAK I HJEMMET: Andel saker med tiltak i hjemmet (10 %)		1,9	4,8	102
TIDLIG INNSATS: Netto utgifter til forebygging, helsestasjon og skolehelsetjeneste, per innb. 0-5 år (5 %)	2,7	3,3	1,9	284
SAKSBEHANDLING: Avsluttede undersøkelser, per årsverk knyttet til saksbehandling og adm. (5 %)	1,9	1,0	2,4	281
BRUKERPERSPEKTIV: Brukerundersøkelser siste fire år (5 %)	1,0	1,0	1,0	193

Kommunal rapport:

Bemanningen av fagpersonell i barnevernet i Øystre Slidre er relativt lav. I 2016 var bemanningen om lag uendret.

Kommunen har en god statistikk for saksbehandlingen i barnevernet. Kommune-Norge har blitt bedre de siste årene, snittet er nå 86 prosent.

Sett de fire siste årene under ett, ligger kommunen langt etter de beste.

Vi har ikke oppdaterte tall for hvor mange barn med tiltak som har en utarbeidet plan.

Andelen av sakene som har tiltak i hjemmet er litt høyere enn i normalkommunen. I 69 prosent av sakene er tiltaket i hjemmet i kommunen, mens snittet for hele landet er 60 prosent.

Kommunen har oppgitt at den ikke spurt brukerne på minst fire år. Hvis det stemmer, betyr ikke brukernes respons noe?

Barnevern

Bemanninga i barneverntenesta er marginal, men det er bevilga midlar til 3,5 årsverk frå staten for 2017 som eit ledd i den nasjonale styrkinga av barnevernet.

Saksbehandlingstid er eit prioritert område i tenesta, då kommunane i samarbeidet har kravd at fristoverskridingane måtte reduserast.

Difor er det positivt at tenesta dei to siste åra har scora godt i kommunebarometeret når det gjeld fristoverskridingar.

Gledeleg er det også at vi no har fleire tiltak i heimen.

Dette betyr at innsatsen blir sett inn på eit tidleg stadium, for å førebyggje tyngre tiltak som fosterheimplasseringar og opphald på statlege institusjonar.

I fyrste rekke skuldast nedgangen i netto utgifter til førebygging, helsestasjon og skuleheleteneste at helsestasjonstilbodet for ungdom er trekt ut, då ungdommen ikkje nytta tilbodet.

Det er også slik at begge helsesystemene våre har vore ute i utdanning, så vi har hatt redusert bemanning i periodar.

Rapporteringa på avslutta undersøkingar per årsverk viser at effektiviteten aukar, og at det er fleire saker som blir undersøkt enn tidlegare år.

Kvalitet	
Resultat for brukeren	■
Brukermedvirkning	■
Respektfull behandling	■
Tilgjengelighet	■
Informasjon	■
Helhetsvurdering	■
Effektivitet	
Driftsutgifter	■
Omfang av tjenesten	■
Kompetanse	■
Bemanningstetthet	■

Nøkkeltal frå kommunebarometeret	Karakter			Plass
	2015	2016	2017	2017
STØNADSTID: Snitt stønadslengde for mottakere mellom 18 og 24 år (15 %)	5,0	2,7	4,7	77
STØNADSTID: Snitt stønadslengde for mottakere mellom 25 og 66 år (10 %)	2,3	3,1	3,5	223
STØNADSTID: Andel som går over 6 måneder på stønad (10 %)	2,4	3,4	3,9	171
ØKONOMI: Andel av mottakerne som har sosialhjelp som hovedinntektskilde (10 %)	4,2	4,8	3,5	169
AKTIVITET: Mottakere av kvalifiseringsstønad, andel av dem som går over 6 mnd på sosialhjelp (10 %)		2,2		
ØKONOMISK RÅDGIVNING: Brukere som får gjeldsråd, som andel av langtidsmottakere (5 %)	2,4	1,7	1,6	263
BOLIG: Andel søknader om kommunal bolig som blir innvilget (10 %)	3,9	3,8	2,3	327
INDIVIDUELL PLAN: Brukere som har individuell plan, som andel av langtidsmottakere (5 %)				
AKTIVITET: Andel av sosialhjelpsmottakere som ikke søker jobb (10 %)	2,7	3,2	2,9	306
AKTIVITET: Netto driftsutgifter til kvalifiseringsprogrammet per bruker (10 %)		1,9		
KRISESENTER: Totale kostnader til krisesenter, per innbygger (5 %)	2,9	3,1	2,7	162

Kommunal rapport:

Endringer i metoden i Kommunebarometeret har en marginalt negativ effekt for Øystre Slidre i sektoren.

Unge mottakere går litt kortere tid på sosialhjelp i Øystre Slidre enn i normalkommunen. I barometeret regnes kort stønadstid som bra. Det må være positivt at

sosialhjelp er en midlertidig løsning på vei mot noe mer permanent. Stønadstiden ble litt kortere for de unge i fjor.

For de over 25 år er stønadstiden omtrent som i normalkommunen. Voksne går omtrent like lenge på stønad nå som for ett år siden.

27 prosent av de som går på

sosialstønad mottar den i minst 6 måneder. Andelen er omtrent som i normalkommunen, mens landsgjennomsnittet er på 36 prosent.

Andelen mottakere som har sosialhjelp som hovedinntekt er normalt. I barometeret er det positivt at få har sosialhjelp som hovedinntekt.

Vi vet ikke hvor mange som har gått på kvalifiseringsprogrammet, målt mot dem som går lenge på stønad.

En høy andel av dem som mottar sosialhjelp, søker ikke jobb (31 prosent). Er det en situasjon kommunen kan bidra til å forbedre?

Kvalitet	
Resultat for brukeren	■
Trivsel	■
Brukermedvirkning	■
Respektfull behandling	■
Tilgjengelighet	■
Informasjon	■
Helhetsvurdering	■
Fysisk miljø	■
Effektivitet	■
Driftsutgifter	■
Omfang av tjenesten	■
Kompetanse	■
Bemanningsstetthet	■

NAV

I fjor viste kommunebarometeret viser at dei yngste gjekk lenge på stønad. Det har gjennom 2016 vore ei bevisst satsing på å få ungdommen ut og over i lønna arbeid. Dette gjev positivt utslag i år.

Det er gledeleg at stønadslengda for dei over 25 år (den største gruppa) og andelen med stønad over seks månader held fram med å gå ned. Det er viktig at denne utviklinga

fortsett, då stønadslengda i stor grad påverkar sannsynlegheita for å kome ut i vanleg arbeid.

Andelen sosialhjelpsmottakarar som har sosialhjelp som einaste inntektskilde har auka noko.

Etter ei særskilt satsing på å få på plass gjeldsrådgjevar for nokre år sidan ga positiv uttelling i kommunebarometeret, har det vore ei negativ utvikling dei siste åra. Gjeldsråd-

gjeving er viktig for å bidra til å løyse opp i økonomiske problemstillingar.

Det er liten pågang av dei som ser kommunal bustad som eit alternativ. Dei fleste klarar å skaffe seg bustad på den opne marknaden.

Det er satsa sterkare på førebygging og rettleiing. Det nyoppretta rusteamet er ein positiv faktor.

Miljøtenesta

Miljøtenesta har ikkje utført medarbeidar- eller brukarundersøking sidan fjorårets verksemdsanalyse.

Det finst ikkje eigne Kostratal for tenesta, rapportering i Kostra skjer saman med heimetenesta.

Kvalitet

Svara på brukarundersøkinga våren 2016 frå pårørende/brukarrepresentant syner at ut i frå ei heilskapleg vurdering er brukarane særst godt nøgde med tenestene. Brukarane opplever å få nok og forståeleg informasjon. Dei opplever høg tryggleik, likevel vil truleg fleire bustader knytt til basen på Brennebakkin auke tryggleikskjensla ytterlegare. Ein brukar har i år flytta til Brennebakkin i ledig leilegheit.

Tilgjengelegheita til tenestene er vurdert å være svært god, med tilpassa tenester til den einskilde brukar og stor grad av fleksible løysingar.

Det er stor grad av brukarmedverknad innan dei rammane tenesta har. Alle brukarane har verje, og dei er nøgde med individuell plan og koordinator. Det kjem fram at det er god brukarmedverknad både i det daglege og i arbeidet med planer. Brukarane opplever autonomi og trivsel. Særst viktig er tilbodet på Aktivitetshuset/Skogprodukt.

Derimot er tilfredsheita ikkje fullt så høg når det gjeld deltaking i fritidsaktivitetar. Ein stor andel av dei funk-

sjonshemma i Miljøtenesta som søker bistand til deltaking i organisasjonsarbeid/kultur/fritidsaktivitetar, får denne bistanden gjennom bruk av støttekontakt eller som ein del av habiliteringa.

Undersøkinga syner at brukarar ynskjer seg auka sjølvråderett, dette heng truleg saman med pågåande tvangstiltak. Det kjem vidare fram at brukarane er godt nøgde med samarbeidet med dei tilsette og med måten dei tilsette møter brukarane på.

Effektivitet

Det er vanskeleg å finne godt samanlikningsgrunnlag for driftsutgiftene i Miljøtenesta. Dette både fordi at rapportering til Kostra skjer saman med heimetenesta, fordi omfanget av tenester varierer mykje frå kommune til kommune.

Vi opplever å ha eit breitt omfang av tenester samanlikna med andre kommunar.

Det er liten grad av eigenbetaling i Miljøtenesta og ein sosial profil på prisane.

Miljøtenesta har framleis ein del ufaglærde arbeidstakarar, dels i små stillingar. Det er tilsett vernepleiar i alle heimlar, dette aukar den fagleg kompetansen. Høgt fråvær i denne yrkesgruppa har gjøtt at ein ikkje har fått nytta kompetansen fullt ut. Det er viktig å oppretthalde utdanningstilbodet for vernepleiarar lokalt.

Miljøtenesta har og oppdrag ute i bygda der vernepleiefagleg kompetanse er etterspurt i aukande

grad også til nye brukargrupper.

Bemanningstettheita i tenesta er relativt høg, og det er generelt eit høgt timetal per brukar i avdelinga.

I 2016 har vi lagt om drifta og innført kvilande nattevakt etter endringar i bistandsbehovet.

Medarbeidarar

Dei tilsette har høg motivasjon for arbeidsoppgåvene, og har stor tru på at dei har kompetanse og molegheit til å utføre desse.

Derimot vurderer tilsette at dei i mindre grad har moglegheit til jobbe sjølvstendig og gjere eigne vurderingar i jobben sin. Tilsette opplever å få brukt sin jobbrelevante kompetanse i rimelig grad. Det blir viktig framover å utvikle kompetansen slik at dei tilsette opplever å meistre jobben ennå betre, og at dei blir sett i stand til å yte sitt beste.

Dei tilsette opplever at arbeidsoppgåvene er tydeleg definert og formidla, og at dei er fleksible i sin måte å tilpasse seg til nye behov og krav til jobben. Det er høg motivasjon for jobben då dei tilsette vurderer det slik at dei gjer noko nyttig og verdifullt for andre. Samarbeidet i avdelinga kan bli betre gjennom at dei tilsette i høgare grad deler kompetanse og lærer av kvarandre.

Nye elektroniske løysingar blir teke i bruk og krev opplæring.

Nye brukargrupper krev og ny kunnskap.

Kvalitet	
Resultat for brukeren	
Trivsel	
Brukermedvirkning	
Respektfull behandling	
Tilgjengelighet	
Informasjon	
Helhetsvurdering	
Effektivitet	
Driftsutgifter	
Omfang av tjenesten	
Egenbetaling	
Kompetanse	
Bemanningstetthet	
Medarbeidarar	
Oppgavemotivasjon	
Mestringstro	
Selvstendighet	
Bruk av kompetanse	
Mestringsorientert ledelse	
Rolleklarhet	
Relevant kompetanseutv.	
Fleksibilitetsvilje	
Mestringsklima	
Nytteorientert motivasjon	

”MILJØTENESTA HAR OG OPPDRAG UTE I BYGDA DER VERNEPLEIEFAGLEG KOMPETANSE ER ETTERSPURT I AUKANDE GRAD OGSÅ TIL NYE BRUKARGRUPPER.»

TEKNISK DRIFT

Nøkkeltal frå Kommunebarometeret

(miljø og ressurser - utdrag)

	Karakter			Plass
	2015	2016	2017	2017
RESSURSER: Energikostnader per kvadratmeter bygg (15 %)	1,0	1,0	1,0	381
RESSURSER: Samlet antall kvadratmeter per innbygger (formålsbygg) (15 %)	5,3	4,9	5,0	167
RESSURSER: Sjøppel per innbygger (kilo) (15 %)	1,8	1,6	1,4	281
RESSURSER: Vannforbruk per tilknyttet innbygger (m3) (15 %)	2,4	2,1		
SAMFERDSEL: Netto driftsutgifter til kommunale veier, per meter vei (5 %)	3,2	3,3	4,5	46
VEDLIKEHOLD: Utgifter til vedlikehold per kvadratmeter bygg (5 %)	2,6	2,1	1,6	268

Kommunebarometeret:

Endringer i metoden i Kommunebarometeret har en marginalt negativ effekt for Øystre Slidre i sektoren.

Energikostnadene for bygg i Øystre Slidre er høye målt mot resten av Kommune-Norge. Må det være slik? Kan kommunen lære av

andre – det kan være store summer å spare. Snittet er 108 kr per kvadratmeter.

Kommunen har litt færre kvadratmeter bygg målt mot innbyggertallet, enn det som er typisk i kommunene. Legg merke til at gjennomsnittet er betydelig påvirket av de største kommunene. En plassering

midt på tabellen betyr ikke byggstørrelse som landsgjennomsnittet.

Innbyggerne produserer ganske mye søppel målt mot resten av landet. Finnes det naturlige forklaringer, eller er det et potensial her?

Kommunen bruker tilsynel-

tende noe mer enn normalkommunen på å vedlikeholde kommunale veier, målt som netto driftsutgifter per meter.

Kommunen bruker ganske lite penger på vedlikehold. Høy pengebruk er positivt; det skal i utgangspunktet forlenge byggets levetid.

Nøkkeltal frå Kommunebarometeret

(vann, avløp og renovasjon)

	Karakter			Plass
	2015	2016	2017	2017
GEBYR: Årsgebyr, vann, avløp, renovasjon og feiing (10 %)	2,9	3,4	3,8	194
VANNKVALITET: Andel tilknyttet vannverk med god kvalitet E-coli (7,5 %)	1,0	1,0	1,0	378
VANNKVALITET: Andel tilknyttet vannverk med god kvalitet IE (7,5 %)	1,0	1,0	1,0	383
VANNKVALITET: Andel tilknyttet vannverk med god kvalitet farge (2,5 %)	1,1	1,0	1,0	375
VANNKVALITET: Andel tilknyttet vannverk med god kvalitet pH (2,5 %)	2,1	1,0	1,0	372
LEVERANSE: Brudd i vannleveransen, snitt timer per år per innb. (5 %)	5,9	6,0	6,0	140
VANNLEKKASJE: Andel av vannet som lekker bort (5 %)	3,7	3,6		
FORNYING: Andel fornyet vannledningsnett siste tre år (5 %)	3,5	2,9	1,8	197
FORNYING: Andel fornyet spillvannnett siste tre år, avløp (5 %)	1,3		1,0	254
RENSEKRAV: Andel tilknyttet anlegg som overholder alle renskrav (20 %)	1,6	3,3	3,3	172
ANLEGG: Antall stopp i kloakken per 100 km spillvannnett (5 %)	5,2	5,4	5,7	101
OVERSVØMMELSER: Antall oversvømte kjellere hvor kommunen har erkjent ansvar, per 10.000 innbyggere (5 %)	6,0	6,0	6,0	1
RENOVASJON: Andel husholdningsavfall levert til gjenvinning og biologisk behandling (20 %)	2,7	2,8	2,8	204

Kommunebarometeret:

Endringer i metoden i Kommunebarometeret har en tydelig negativ effekt for Øystre Slidre i sektoren.

Gebyrene for vann, avløp, renovasjon og feiing i Øystre

Slidre er midt på treet. Lave gebyrer er positivt i barometeret – men det skal helst ikke bety at vedlikeholdet på anleggene lider.

Det mangler informasjon om hvor store lekkasjer det er fra

kommunens ledningsnett.

Fornyingen av vannledningsnettet har de tre siste årene vært liten.

Utskifting av spillvannnett har ikke vært noen prioritet de tre siste årene, ifølge sta-

tistikken. Få kommuner har dårligere tall på dette punktet for tiden.

Andelen av avfallet som går til materialgjenvinning og biologisk behandling ligger litt under normalen.

Teknisk drift

Kvalitet

Kommunen kjem kunstig dårleg ut i kommunebarometeret i antall kilo søppel per innbyggjar. Dette fordi søppel frå hyttene blir rekna med i tella- ren, medan hytteinnbyggjarar ikkje blir teke med i nemnaren i reknestykket.

Kommunen har, saman med 75 andre kommunar, teke i bruk Norsk Vann sitt måle- og vurderingsverktøy; "Bedre VA". Vi har god stabilitet på levering av vatn, og generelt god vasskvalitet. Når vasskvalitet lyser raudt i kommunebarometeret, er dette fordi det er ein liten andel av kommunen sine innbyggjarar som er tilknytta kommunale vassverk.

Kommunen har i fleire år vore offensiv med gjennomføring av nyanlegg. Dette fører til at kommunen ikkje har stort behov for å fornye leidningsnettet, noko som slår negativt ut i kommunebarometeret.

Det er for høg lekkasje på private stikkleidningar.

Sjølv om reinsekravet på Nedrefoss på avløpsida for organisk materiale har vore overskride i periodar (t.d. påska) kjem vi godt ut i kommunebarometeret her.

Vi manglar eit biologisk reinse-trinn på Nedrefoss, men klarer å overhalde våre egne reinsekrav.

Det er god kvalitet på slam. Vi leverer slam som kan brukast på dyrka mark.

Vi har satt inn målestasjoner for å belyse nedbørens påverknad på mengde avløpsvatn, etter krav frå fylkesmannen.

.Når det gjeld klagebehandling og svar på spørsmål om fakturering, er det eit mål å få

dette i betre system med ny organisering.

Innan vaktmeister- og reinholdstenesta har dei tilsette ein god dialog med leiarane på dei enkelte tenestestadene.

Avdelinga leverer generelt gode tenester, det er godt kvalifiserte tilsette og fleire er i ferd med å skaffe seg meir formell kompetanse.

Effektivitet

Energiutgiftene i kommunale bygg er høge, og har auka det siste året. Kostnadane er likevel på nivå med dei andre Valdreskommunane.

Ut frå KOSTRA-tal er driftsutgiftene relativt høge både når det gjeld kommunale bygg, drift av VA-anlegg og kommunale vegar. Med to såpass nye skulebygg og ein ny barnehage er dette kanskje overraskande. Sjølv om nokre av bygga er nye og betre, har dei mykje "teknikk" som skal driftast.

ØSUS er eit av dei eldre bygga i kommunen. Her vart det for to år sidan satt i gang med ENØK-tiltak, og dette må fortsatt prioriterast i åra framover.

Reinseanlegga er dyre å drifte, men her er det valt prosessar og tekniske løysingar som det er vanskelege å endre på utan større investeringar.

Vi har auka budsjettet på kommunale vegar. Her vil driftsutgiftene variere stort frå år til år som følgje av varierende snømengde. Ekstraordinært vedlikehald som følgje av flaumskade medfører og høgare driftsutgifter ved vårløysinga og haust.

Ole vassverk og Beito reinseanlegg har mange abonnentar, dei fleste av desse er

reiselivsbedrifter og fritidseigedommar.

Eigenbetaling omfattar primært gebyr for vatn og avlaup. Gebyra har tradisjonelt vore relativt høge samanlikna med andre kommunar. Siste året er gebyra sett noko ned, samstundes med at nivået i resten av landet har auka, difor kjem dette no betre ut i kommunebarometeret.

Hovudmålet framover blir å auke talet på abonnentar ved å konvertera frå separate avlaupsanlegg til offentleg nett.

Medarbeidarar

Talla viser at det er ei stor positivsime i avdelinga teknisk drift. Det er høg score på alt i medarbeidarundersøkinga. Tilsette har stor motivasjon for oppgåvene og synes å ha stor tillit til eigen kompetanse. Dei synes å ha god anledning til å jobbe sjølvstendig, og å gjera egne vurderingar i jobben sin. Dei har og ein høg score på at leiinga vektlegg at den enkelte medarbeidar skal få utvikla seg og bli best mulig ut frå sin eigen føresetnad. Dette gjev ei oppleving av mestring i arbeidet.

Medarbeidarane ved teknisk drift har god og relevant kompetanse, og kan utføre sine oppgåver med høg kvalitet. Dei er og villige til å væra fleksible på jobb og tilpassa seg til nye behov og krav. Dei blir motiverte av å læra og utvikla seg, og dei spelar kvarandre gode.

Medarbeidarane meiner dei gjer noko nyttig og verdifullt for andre, og at dette er ei viktig drivkraft og verkar motiverande.

Kvalitet	
Resultat for brukeren	
Brukermedvirkning	
Respektfull behandling	
Tilgjengelighet	
Informasjon	
Helhetsvurdering	
Effektivitet	
Driftsutgifter	
Omfang av tjenesten	
Egenbetaling	
Kompetanse	
Bemanningsstetthet	
Medarbeidarar	
Oppgavemotivasjon	
Mestringstro	
Selvstendighet	
Bruk av kompetanse	
Mestringsorientert ledelse	
Rolleklarhet	
Relevant kompetanseutv.	
Fleksibilitetsvilje	
Mestringsklima	
Nytteorientert motivasjon	

«REINSEANLEGG
ER DYRE Å DRIFTE,
MEN HER ER DET
VALT PROSESSAR
OG TEKNISKE
LØYSINGAR SOM
DET ER VANSKELEGE
Å ENDRE PÅ UTAN
STØRRE
INVESTERINGAR.»

PLANAVDELINGA

Nøkkeltal frå Kommunebarometeret

(saksbehandling og miljø og ressursar - utdrag)

	Karakter			Plass
	2015	2016	2017	2017
REGULERINGSPLANER: Saksbehandlingstid (10 %)		4,1		
REKREASJON: Netto driftsutgifter til rekreasjon i tettsteder, per innb. (10 %)	1,0	1,0	1,0	351
LANDBRUK: Jordbruksareal omdisponert siste fire år, per 1.000 dekar (10 %)	5,7	5,8	5,7	171
KLIMA: Plan med fokus på klima (5 %)		1,0	1,0	91
MILJØ: Biler per 1.000 innbyggere (5 %)	1,0	1,0	1,2	396

Kvalitet	
Resultat for brukeren	
Respektfull behandling	
Tilgjengelighet	
Informasjon	
Fysisk miljø	
Effektivitet	
Driftsutgifter	
Omfang av tjenesten	
Egenbetaling	
Kompetanse	
Bemanningstetthet	
Medarbeidarar	
Trivsel	
Utvikling	

Generelt

Kommunen har samla alle planressursar i ei avdeling og på den måten fått auka kapasitet til å gjennomføre planoppgåvene i kommunen. Kommunen har ikkje etterslep på behandling av private framlegg til reguleringsplanar. Det er vedtekne klima- og energiplanar der det er nedfelt mål om reduksjon av klimagassutslepp, men kommunen er ikkje god nok til å synleggjere ein handlingsretta innsats på dette området.

Kommunen blir innan arealplanlegging målt på kor mykje rekreasjons- og fri-luftsområde vi har. Sidan Øystre Slidre er ein typisk landkommune er mykje friområde og tilrettelagte skiløyper m.v. ikkje regulert gjennom flateplanar.

Vidare har dei eldste bustadområda i kommunen ikkje reguleringsplanar som inngår i digital planbase. Difor vert tal som skal syne kommunen sin vektlegging av tilrettelagde friområde, leike- og rekreasjonsareal misvisande. Det bur få innbuarar i tettstader i vår kommune i høve til snittet i landet.

Det har vore lite utvikling i sentrum av Heggenes og Beitostølen dei seinare åra. Kommunen har leigd inn eksterne konsulentar for å få råd om korleis sentrumsområda våre kan utviklast. Vi har m.a. fått ei sterk tilrå-

ding om at nytt omsorgsenter for kommunen må bidra til å løfte Heggenes som sentrum. Kommunen legg ned mykje eigne ressursar i ny reguleringsplan for Beitostølen sentrum. Desse utgreiingane er delfinansierte av Oppland Fylkeskommune.

Avgangen av dyrka mark er ikkje stor i Øystre Slidre kommune. Det er kjent at einslege og unge i etableringsfasen etterspør gjennomgangsmoglegheiter og at utbodet av dette er lite.

Kvalitet

At det ikkje er data i kommunebarometeret når det gjeld saksbehandlingstid for reguleringsplanar, kan forklarast med at vi ikkje hadde private reguleringsplanar i 2016 med tidsfristar.

Vi har ikkje eige "parkvesen" med eigne budsjettpostar for rapportering i Kostra, følgjelig kjem kommunen dårleg ut m.o.t. driftsutgifter til rekreasjon i tettstader.

Vi har både kommunal og regional klima- og energiplan. Begge planane er eldre enn 5 år og manglar oppdatert handlingsdel.

Den nye planavdelinga med sin breie faglege samansetnad leverer god kvalitet i planarbeidet.

Kundane er ofte profesjonelle planleggjarar engasjert av utbyggjarar. Kommunen forsøker å være smidige og

"ubyråkratiske" i dialogen med denne kundegruppa.

Vidare er kommunen sjølv bestillar av planarbeid. Avdelinga er open og tilgjengeleg for alle som har spørsmål innan planarbeid. Informasjon omkring planar og planarbeid er vidareutvikla på våre nettsider og i digital planbase. Dette gjeld og ålmenn tilgang til all korrespondanse i plansaker, for å betre høve til innsyn og brukarmedverknad i planprosessane.

Effektivitet

Det er i hovudsak menneskelege ressursar kommunen legg inn i dette tenesteområdet (lønskostnader). Gebyrregulativet er justert i.h.t. ny plan- og bygningslov, der det er markert at ein større del av planarbeidet er eit kommunalt ansvar. Gebyra er difor justert ned vesentleg i høve til tidlegare. Det har aldri vore så mange tilsette knytt til planarbeid i Øystre Slidre som no.

Avdelinga yter og stabstenester til andre delar av kommuneadministrasjonen.

Medarbeidarar

Alle på avdelinga har høg kompetanse innan eit breitt fagfelt. Fagleg oppgradering innan planfag og lovverk må skje kontinuerleg. Ny organisering med nye arbeidsoppgåver gir høve til ny eigenutvikling og fagleg oppdatering.

«GEBYR-REGULATIVET ER JUSTERT I.H.T. NY PLAN- OG BYGNINGSLOV DER DET ER MARKERT AT EIN STØRRE DEL AV PLANARBEIDET ER EIT KOMMUNALT ANSVAR. GEBYRA ER DIFOR JUSTERT NED VESENTLEG I HØVE TIL TIDLEGARE.»

NÆRING OG BYGGESAK

Nøkkeltal frå Kommunebarometeret

(miljø og ressurser - utdrag)

	Karakter			Plass
	2015	2016	2017	2017
LANDBRUK: Jordbruksareal omdisponert siste fire år, per 1.000 dekar (10 %)	5,7	5,8	5,7	171

Kommunal rapport:

Andelen av dyrket og dyrka jord som er omdisponert de siste årene, kan indikere presset på arealer i kommunen.

I Øystre Slidre er svært lite jordbruksareal omdisponert de siste årene, ifølge statistikken.

Nøkkeltal frå Kommunebarometeret

(saksbehandling)

	Karakter			Plass
	2015	2016	2017	2017
FRISTBRUDD: Andel byggesaker med overskredet frist (20 %)	4,6	4,6	5,8	120
BYGGESAK: Behandlingstid saker med 3 ukers frist (15 %)	5,4	3,1	3,6	174
BYGGESAK: Behandlingstid saker med 12 ukers frist (15 %)	3,1	2,8	4,9	93
EIERSEKSJONERING: Saksbehandlingstid (10 %)	4,8	5,7	5,7	30
REGULERINGSPLANER: Saksbehandlingstid (10 %)		4,1		
OPPMÅLINGSFORRETNING: Saksbehandlingstid (10 %)	5,1	3,4	4,4	126
TILSYN: Andel av vedtatte byggesaker med faktisk tilsyn (10 %)	6,0	5,8	1,4	132
GEBYR: Saksbehandlingsgebyr for enebolig (10 %)	4,6	4,7	4,9	142

Kommunal rapport:

Endringer i metoden i Kommunebarometeret har en marginalt positiv effekt for Øystre Slidre i sektoren.

Øystre Slidre er bedre enn veldig mange andre hva gjelder å overholde byggesaksfristene. Det er bra – kan

kommunen komme helt i toppsjiktet her?

Prosessen for søknader med 3 ukers behandlingsfrist er midt-dels.

Byggesaker med 12 ukers frist behandles litt raskere enn det som er vanlig i Kommune-Norge.

Bare i noen få tilfeller fører kommunen faktisk tilsyn med byggesakene, ifølge statistikken.

Saksbehandlingsgebyret for enebolig er litt under snittet i Øystre Slidre på 9000 kroner, ifølge tallene fra Statistisk sentralbyrå.

«ØYSTRE SLIDRE ER BEDRE ENN VELDIG MANGE ANDRE HVA GJELDER Å OVERHOLDE BYGGESAKSFRISTENE. DET ER BRA - KAN KOMMUNEN KOMME HELT I TOPPSJIKTET HER?»

Byggeaktivitet i Øystre Slidre 2007-17 fordelt på type bygg:

	2007	2010	2013	2014	2015	2016
Nye heilårsbustader	9	16	7	4	1	5
Nye hytter	51	16	29	37	32	56
Nye anneks	26	13	9	12	7	11
Uthus/garasje og andre bygg	21	60	29	34	15	32
Tilbygg og påbygg bustad	11	5	9	7	12	11
Tilbygg og påbygg hytter	49	44	30	35	24	22
Landbruksbygg – tilbygg og nye	5	15	10	5	14	10
Veganlegg	8	6	4	9	2	6
Nærings/forretningsbygg	5		3	5	0	4
Utsleppssaker	50	37	23	46	33	48
Delingssaker	102	90	100	70	119	130
Konsesjonssaker	9	6	10	10	13	69
Seksjonering	7	1	2	3	1	1

Kvalitet	
Resultat for brukeren	
Brukermedvirkning	
Respektfull behandling	
Tilgjengelighet	
Informasjon	
Fysisk miljø	
Effektivitet	
Driftsutgifter	
Omfang av tjenesten	
Egenbetaling	
Kompetanse	
Bemanningsstetthet	
Medarbeidarar	
Oppgavemotivasjon	
Mestringstro	
Selvstendighet	
Bruk av kompetanse	
Mestringsorientert ledelse	
Rolleklarhet	
Relevant kompetanseutv.	
Fleksibilitetsvilje	
Mestringsklima	
Nytteorientert motivasjon	

«ØYSTRE SLIDRE
KOMMUNE
HANDSAMAR
VESENTLEG FLEIRE
SAKER PÅ EITT ÅR
ENN
SAMANLIKNBARE
KOMMUNAR, T.D. I
VALDRES, BÅDE PÅ
OPPMÅLING OG
BYGGESAKER.»

Næring og byggesak

Kommunebarometeret

Kommunen har generelt kortare sakshandsamingsfrist på byggesaker i 2016 enn i åra før. Sakene blir jamt over ferdigstilt og lukka innanfor lovkrava. I saker med tre vekers frist har vi noko dårlegare score, sjølv om vi der og er noko betre enn snittet for landet. Vi bruker noko mindre tid enn Valdreskommunane.

Sakshandsamingssystemet gjer det vanskeleg å nytte seg av milepelar og førebels lukking av saker. Det er no på trappa- ne ein ny versjon av sakshandsamingssystemet, med ein byggesaksmodul som vil gjere rapporteringa meir nøyaktig.

Øystre Slidre kommune handsamar vesentleg fleire saker på eitt år enn samanliknbare kommunar, t.d. i Valdres, både på oppmåling og i byggesaker.

Kommunen fekk i fjor låg uttelling i kommunebarometeret på tilsyn. Avdelinga utarbeidde og fekk vedteke ein eigen tilsynsstrategi i 2016. Då er det beklageleg at ein ikkje har klart å få gjennomført fleire tilsyn, og færre enn ein hadde som mål i denne planen. Forklaringa er knytt til at kommunen i 2016 fekk sær mange byggesaker som ein fann det rett å prioritere. Det er eit mål for 2017 å få gjennomført tilsyn i tråd med vedteken tilsynsstrategi.

Kommunen har hatt ein restriktiv haldning til omdisponering av dyrka mark. Kommunebarometeret kommenterer at auken i år skuldast press på kommunens areal. Forklaringa er at det er omdisponert dyrka mark i samband med utbygging av gang og sykkelveg gjennom Rogne.

Kvalitet

Det er ikkje gjennomført brukarundersøking for dette området. Subjektivt vurdert meiner vi kvaliteten på dei te-

nestene vi utfører er god. Innan landbrukssektoren får alle som søker det nødvendig bistand og vegleing til søknadsutfylling. Kontora står opne for besøk som ikkje er avtalte, og det er svært sjeldan at publikum ikkje får kontakt med saksbehandlar i telefon. Det er eit samspel mellom kontoret si tilgjengelegheit og kontoret sin effektivitet. Det er stadig under vurdering å redusere tilgjengelegheit og stenging av telefonen i periodar for å betre effektiviteten.

På avløpssida er det få tilsyn. Det er ein stor ambisjon om å styrke også dette viktige tilsynsarbeidet.

Vi har eigen informasjonsfolder som går ut til landbruket, ei SMS-meldingsteneste som går ut til alle søkarar av produksjonstilskot, og ein eigen vakttelefon som på frivillig basis er betjent i sommarhalvåret. Heimesidene kan forberast.

Det er kontaktmøter mellom kommunen og BU kvar månad. Kommunen sit i BU-styret. Det er og kontaktmøter med landbruksnæringa for å diskutere prosjekt og felles satsingar.

Effektivitet

Samanlikna med kommunane Vestre Slidre og Nord-Aurdal, som har om lag same tall på gardsbruk og dyretal, er driftsutgiftene for landbruksadministrasjon låge i Øystre Slidre kommune.

På byggesaksområdet var det gjort ein revisjon av byggesaksgebyra, slik at vi fekk eit nivå på dette som er meir i samsvar med kommunar som vi ynskjer å samanlikne oss med. Vi har no til dømes eit byggesaksgebyr for ein einestad som er 350 kr høgare enn i Nord-Aurdal, men vi ligg lågare enn t.d. Ringsaker og

Øyer, som og er store hyttekommunar.

Ein ser frå Kostra-tala at effektiviteten i avdelinga er svært høg. Trass i om lag same gebyrnivå som andre kommunar, bidreg byggesak og oppmåling samla med 446 kr per innbyggjar til kommunebudsjettet, mot snittet i kommunegruppa som belastar budsjettet med meir enn 250 kr per innbyggjar.

Det er svært høg formell kompetanse i avdelinga, og generelt er kunnskapsnivået fagleg og sosialt på eit høgt nivå.

Vi har få tilsette i høve til saksmengde samanlikna med andre kommunar. Dette bidreg til at vi scorar litt lågare enn ønskeleg på saksbehandlingstid. Om ein ser kvalitet og effektivitet saman, kan det sjå ut som vi har ei rett tilpassing i høve rammevilkåra.

Medarbeidarar

Det er ikkje gjennomført medarbeidarundersøking dette året. Tala frå i fjor ga generelt eit inntrykk av godt tilfredse medarbeidarar. Det var lågast score på bruk av kompetanse, der medarbeidarane truleg synest dei ikkje får oppgåver der dei får nytta kompetansen fullt ut. Likevel kjem ein ikkje bort frå at det er ein del sakshandsaming som er rutineprega, men som likevel må gjerast. Det er høg terskel for eigne beslutningar og eige ansvar hos leiar. Ein håper ved det å skape ein attraktiv og utfordrande arbeidskvardag.

Undersøkinga viste og at dei tilsette ønska ein meir tydeleg profil på eigen kompetanseutvikling og læring. Vi har derfor i 2016 brukt ein del ressursar på kurs. Attendemølingar syner at dette blir oppfatta som både nyttig og stimulerande.